



Ny dose soul og rhythm'n blues på nynorsk!



BokkeReidars Blues Band er ute med si andre plate med låtar på nynorsk - eller meir presist: sunnmørsdialekt. Bandet har med det vågd å halde fram som eit norsk-språkleg band innan stilartar dominert av engelske tekstar.

Sprengstoff utgjer tilsaman 12 låtar - alle er signert bandet. Ei eksplosiv og fengande musikalsk pakke med litt soul, litt rhythm'n blues, litt rock og jazz. Plata er spelt inn i bandet sitt øvingslokale i Volda, produsert av bassist Svein Hunnes og miksa av rutinerte Erik Valderhaug i Lydkjelleren.

BokkeReidars Bluesband er no inne i sitt 30. aktive år. Bandet starta karriéra med å synge på engelsk, men har gjennom dei to siste platene funne sitt eige, norske uttrykk. Den første plata på norsk, **En time til**, kom i 2004. Øyvind Rønning i Dagbladet meinte dette var modig og ga plata terningkast fire!

Bandet er i dag minst like vitalt som i yngre år, og konsertane får ros:

BluesNews, Roald Jungård, august, 2011:

"Den andre gledelige overraskelsen kom da BokkeReidars Bluesband entret scenen. De serverte soulfyllt blues på norsk som svingte noe enormt. Dette er et live-band med trøkk og energi. De dro publikum ut på danseplattingen og økte temperaturen betraktelig. Anbefales på det sterkeste til både arrangører og publikum!"

TVNorge, Hallbjørn Saunes, juli, 2011:

"Det var groovy, det var rått! Heile tida svinga det skikkeleg av karane. Eg har nesten ikkje ord. Dette var rett og slett kunst. Det var som å kome inn i ein musikk klubb i New Orleans, med KC & the Sunshine Band. Ei stor konsertoppleving!"

Kontakt:

Svein Hunnes: tlf. 91648802, e-post: svein.hunnes@gmail.com
André Folkestad: tlf. 90756489, e-post: andre@filmmakeriet.no

www.bokkereidars.com